

Til alle lærebedrifter

Dato: 10.01.2019
Vår ref.: 2019/302-1
Saksbehandlar: chrrong
Dykkar ref.:

Kostnadsdekning ved 2. gangs fag-/sveineprøve

Fagopplæringskontoret skal frå 01.02.2019 ta i bruk nye rutinar for refusjon av kostnader som bedrifta har ved 2.gongs fag-/sveineprøver. Denne informasjonen blir òg oppdatert i breva som vi sender ut til dykk angående kvar enkelt fag-/sveineprøve.

Vi visar til opplæringslova §3-59, første ledd:

Dersom fag-, eller sveineprøva, praksisbrevprøva eller kompetanseprøva ikkje er bestått ved første forsøk, kan lærlingen, eleven, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten og kandidaten for fagbrev på jobb innan seks månader etter prøva melde seg til ei ny prøve. Kontrakten kan forlengjast i avtale. Fylkeskommunen har ansvaret for å gjennomføre prøva og skal dekkje utgifter lærebedrifta har med gjennomføringa.

Tidlegare har de sendt søknad om refusjon saman med oppmelding til fag-/sveineprøve for lærlingen eller lærekandidaten. No ynskjer vi at de sender faktura, med kvitteringar, på dei faktiske utgiftene som de har hatt *etter* at 2.gongs fagprøve er avlagt. Kvitteringa legg de til som vedlegg. Fakturaen sendes i EHF format til Hordaland fylkeskommune på elektronisk fakturaadresse 9908:938626367. Merk faktura med ressursnummer: 26758, kandidaten sitt namn og fødselsdato, samt "refusjon av utgifter til 2. gongs prøve". Meir informasjon om innsending av faktura finn du på www.hordaland.no/faktura.

Signe Sætre
leiar

Christine Rongevær
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.